



Frå Jærmuseet sine samlingar: CENTAUR GARDEN TRACTOR

MÅLFRID SNØRTELAND





Centaur Garden Tractor er produsert av firmaet Central Tractor Company, Greenwich, Ohio. Firmaet blei etablert i 1921. I 1928 skifta det namn til Centaur Tractor Corporation.

Som namnet seier er "Centauren" ein liten "hage-traktor" som vog omlag 700 kg. Han blei hovudsakleg brukt i frukt- og grønnsakhagar.

Jærmuseet sitt eksemplar er truleg produsert kring 1926-27 og har produksjonsnummer 329108.

Traktoren har ein tosylindra, firetaktars motor (LeRoi) med 8-10 HK.

Han har midjestyring og minner om ei forminska utgåve av Moline-traktorane ("Jernhesten"). Ikkje rart at museumshandverkaren har gitt han kjæle-namnet "følet". Me kjenner ikkje til at modellen har vore forhandla i Norge.

Dette eksemplaret har vore brukt på eit småbruk i Moland i Aust-Agder, der eigaren importerte traktoren direkte frå U.S.A.



Då Sverre Skjæveland fekk hand om Centauren var han i heller ring forfatning. Heile traktoren er skrudd frå kvarandre, reinska for rust og restaurert frå grunnen av.

Handverkaren måtte og laga fleire nye delar til erstatning for ting som mangla eller som var heilt øydelagde. Nye delar:

verktøykasse, kam for regulering av plog, feste-band for bensintank, luftfilter, nøklar til justering av tenning, transportringar på hjul, sete med stenger og setefeste.

Rattet mangla og, men eit nokså likt ratt blei funne under oppryddinga i Jadar Rugemaskinsfabrikk på Sandnes.

Både Kverneland Klepp A/S og Serigstad A/S har ytt museet gratistenester under restaureringa.



Det ligg eit omfattande arbeid bak restaureringa av Centauren. Traktoren er fullstendig demontert, reinska for rust og skrudd saman igjen i verkstaden hos Sverre Skjæveland på Kvernaland.

Alle foto: Sverre Skjæveland, Jærmuseet.

